Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ymse attåtfor.*

Oppskr. av: Ola J. Rise,

(adresse): Mjöen, Oppdal p.o.

Fylke: Sör-Tröndelag.

Herad: Oppdal.

Bygdelag: Driodalen og Nordskogen.

Gard: fl.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og minne.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): 73

SVAR

*Her vanleg kalla „bjergj".

I. Rötter.

A. Forskj. rötter.

1–6 Ukjent i manns minne.

B. Bregner.

1–6 Ukjent, også under krigen.

II. Tang og tare.

Ikkje i bruk her.

III. Anna fôr av planter.

Lauv hogd av björk, rogn, older, osp og vidje – og „brött" (ris av björk) hogd vinters dag. Alt til naut. Litt raka lauv (helst av older) til småkrytyr. Nytta til først på 1900=talet. Og som „sörpe" til svin. Rogneber nytta, utan utvatning, til svin. Reinsmåså ein del, i eldre tid mest mannjamt. Og noko borkskav.

3726

2

# IV. Hestmökk.

1. Av den har det vore nytta ein del i eldre tid; men det var helst slutt före 1900.
2. Var visst nytta utan tilsetjing.
3. Laug av potetgras nytta same til kyrne. Mindre med det no.

# V. Sörpefor.

1. På varmt „skålå“ (skyljevatn) og mat-avfall i kjökenet var det vel delvis havt mjöl til mjölkekyr. ~~Gjeve~~
2. Ja av hakkelo, agner og höy og litt leggamjöl på. Gjeve i logga treböttor eller sinkböttor, seinare i små trekassor. Stundom la dei ein högtopp over ei höypökötte, slo varmt vatn over og let det stå ei rid før dei gav det, til kyr.
3. Ja litt vermt „sörpe“, kalla „sutlbött“, medanne kua hadde kalva. Likeins til sau og geit.
4. Sjå III, nede.
5. „Drav“ (drank) til griser (Her heve ettv ölbrygginga til høgtidine).
6. Visst ikkje serskilt ettv kalvinga t.d.
7. Ja, av högfrö, potetkål; og (tidlegare) og av brennhettu til griser.

VI. Fiskeavfall. Ikkje höve til det her, anna ein rester av t.d. sild, som hadde vorte u-eteleg som folkemat.

Hög, måså og lauv var det vanlege – ein hög=„vonndoll“ til kvart dyr (vanleg før 4 gonger om dag) og 1/2 lauvtjörv attpå det eine målet, til no. Elles mykje variabelt ettv råd og kvalitet.

3726

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING